



Dei trivst på Rabben og i Uskedalen: Hans Christian, Sylke, Jan Christian og Linda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mange – både tyskarar og andre – kjenner seg nær knytt til Rabben Camping/Feriesenter etter hyggjelege ferieopphald der. I 2003 kom til dømes Hans Christian Markert (no 38) tilbake dit 31 år etter at han som treåring opplevde Rabben og Uskedalen for første gongen. No er han her igjen saman med kona Sylke (no 42) og borna Jan Christian (7) og Linda (5). – Ein herleg plass, er konklusjonen deira.**

I 1972 var familien Markert på rundtur i Noreg. På ei ferje møtte dei ein svenske som kom med ei varm anbefaling av Uskedalen som reisemål og dermed kom dei til Rabben. Der trivdes dei tre så godt at dei kom att tilsaman åtte somrar opp gjennom 1970- og 1980-talet.

I 1973 og 1974 var dei her fem og seks veker medan dei ferierte på staden tre eller fire veker dei andre åra.

Hans Christian hugsar godt frå dei første ferieopphalda. Han hugsar vertskapet Solveig og Sverre Myklebust – og ikkje minst den trivele beagles-hunden deira. Og han minnst ikkje minst Harald Nilsen, som helsa familien slik: "Kom inn, gamle banditt, få dykk is og brus!"

På loftet over butikken leika Hans Christian med Gunn Mari og Kjersti. Dei kledde seg ut med gamle klede!

- Korleis opplevde du Uskedalen i 2003 samanlikna med 1970- og 1980-talet?

- Uskedalen hadde ikkje vorte så mykje annleis i 2003, bortsett frå at tre butikkar hadde skrumpa inn til ein. Men ein stor skilnad var det og den gjekk inn på meg – Harald var borte. Han var ein fantastisk kar, seier Hans Christian til uskedalen.no

Han hugsar framfor alt at dei fiska i elva og fjorden . Ein støvsugaragent frå Haugesund lærte faren å fiska. Dei fekk fulle bøtter og kunnskapen har gått i arv til sonen. No er det Jan Christian som er under opplæring. Her om dagen fekk han den første lyren sin!

Blant mange opplevingar plukkar Hans Christian fram ein svært spesiell: Dei tulla seg heilt bort under ein utflukt til Bergensområdet. Det var til slutt ikkje anna råd enn å ta sjøfly attende til Uskedalen, der dei steig i land på Sandakaien!

Hans Christian held fram:

- Det var herleg å komme attende til Uskedalen i 2003 og no igjen i år. Her kjenner eg meg heime og det har både med menneskje og natur å gjera. Eg kjenner familiane Myklebust og Nilsen og naturen er fantastisk – frå fjord til fjell.

Skorpo er øya mi – den har eg til og med som bakgrunnsbilete på pc-en. Her om dagen var vi til topps der og ungane fekk sjå Skorpetrollet, fortel Hans Christian, som legg til at han også les uskedalen.no. Og han blir flinkare i norsk for kvar dag som går!

Han er opprinneleg frå Lage nær Bielefeld og er jurist i delstatsadministrasjonen til Nordrhein-Westfalen i Düsseldorf medan Sylke er lege. Dei bor i Kaarst - på den andre sida av Rhinen - der dei bygde seg hus i fjor.

Både Hans Christain og Sylke har mange lovord om Noreg. Ikkje minst synest dei det er bra at vi ikkje brukar opp oljeformua vår men sparar ho til kommande generasjonar. Og så er dei imponert over at vi lever så tett på og i pakt med naturen.

Det legg også dei vekt på å gjera, ikkje minst når dei er i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen